



Endring av takst- og rabattsystem for Fastlandssambandet Halsnøy

Gjennom handsaming av Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015-2016) har Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å innføre eit nytt standardisert takst- og rabattsystem for bompengeprojekt. Målet med omlegginga til nytt system er å effektivisere og å gjera bompengeinnkrevjinga enklare.

Innføring av nytt takst- og rabattsystem medfører følgande endringar frå 01.03.18:

- Køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig avtale får automatisk 20 pst. rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
- Alle kundar som har hovudavtale og brikke frå Fastlandssambandet Halsnøy vert automatisk gjort om til etterskotsavtaler med 20% rabatt. Lokale forskotsavtaler med 40% rabatt vert ikkje lengre tilbydd.
- Noverande tilleggsavtalar hos Fastlandssambandet Halsnøy for å oppnå lokal rabatt på 40% rabatt vert avvikla.

AutoPASS-avtala med det selskap brikka er levert frå, hovudavtala, vert ikkje endra, og passeringer i frå 1. mars vert trekt frå hovudavtala.

Sluttavrekning og eventuelt inneståande beløp på tilleggsavtalar vert tilbakeført seinast tre månadar etter endring.

Nye takstar som gjeld frå 01.03.2018:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Fastlandssambandet Halsnøy	Kr 96,00	Kr 264,00

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for Fastlandssambandet Halsnøy etter omlegginga til nytt takst- og rabattsystem

Takstgruppe 1: Køyretøy med tilleten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tilleten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Det gis fritak ifølgje gjeldande takstretningslinjer.

- Passasjerar i alle type køyretøy
- Gåande og syklende
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merket gravfølgje
- Køyretøy som nyttast til arbeid på bomvegen*
- Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet*
- Hydrogenbilar med HY-registreringsskilt*
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag*

Fritaksordningar merka med * føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

For meir informasjon: www.ferde.no

Takstendringa kan påklagast til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Vegdirektoratet.